



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer: 964 009 805  
Organisasjonsform: Stiftelse  
Foretaksnavn: STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET  
Forretningsadresse: Strengjarhaugen 6  
5704 VOSS

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

### Konsern

Morselskap i konsern: Ja  
Konsernregnskap lagt ved: Nei

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Jo Asgeir Lie  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 27.02.2024

### Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 23.07.2025



### Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Inntekt av kursopphald		485 496	495 100
Tilskot frå Voss Kommune		125 000	125 000
Tilskot frå fylke		325 000	460 000
Tilskot frå UFD		2 922 000	2 878 000
Tilskot frå Kulturdirektoratet		6 745 000	6 415 000
Diverse inntekter, tilskot, gåver		1 498 239	1 130 904
<b>Sum inntekter</b>		<b>12 100 735</b>	<b>11 504 004</b>
<b>Kostnader</b>			
Lønn, feriepengar	1	4 303 047	5 038 025
Arbeidsgjevaravgift, pensjonskostnader, andre ytingar	1	1 542 627	1 340 764
Avskrivningar	2	53 249	53 000
Honorar innleigde tjenester	1	1 392 995	1 351 111
Nedskrivning av anleggsmidler	3	135 000	
Husleiga	4	2 090 800	2 105 114
Læremidler, utstyr		49 406	86 650
Honorar rekneskap, revisjon		174 499	162 973
Kontorrekvisita, telefon, porto		121 822	94 282
Litteratur, musikk, instrument		11 789	28 742
Reise og møtekostnader		1 223 391	1 312 969
Bil- og diettgodtgjersle		30 164	55 809
Annan driftskostnad		139 037	122 476
Utdelingar	5, 6	1 152 974	
<b>Sum kostnader</b>		<b>12 420 801</b>	<b>11 751 914</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-320 066</b>	<b>-247 910</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		24 386	10 211
Annen finansinntekt		9 611	9 292
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>33 997</b>	<b>19 503</b>
Annan rentekostnad		194	669
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>194</b>	<b>669</b>



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
Netto finans		33 803	18 834
Ordinært resultat før skattekostnad		-286 262	-229 076
Ordinært resultat etter skattekostnad		-286 262	-229 076
Årsresultat	7	-286 262	-229 076
Årsresultat etter minoritetsinteresser		-286 262	-229 076
Totalresultat		-286 262	-229 076
Overføringer og disponeringar			
Overført frå annan eigenkapital		-286 262	-229 076
Sum overføringer og disponeringar		-286 262	-229 076



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Prosjektering nybygg	8		
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Bilete-, bok- og notesamling	3	7 140	142 140
Instrument	2	24 001	20 000
Lydutstyr	2		
Driftslausøyre, inventar og anna utstyr	2	57 000	93 000
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>88 141</b>	<b>255 140</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i dotterselskap	4	6 000 000	6 000 000
Innskotsfond/premiefond		813	1 491
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>6 000 813</b>	<b>6 001 491</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>	2	<b>6 177 095</b>	<b>6 511 771</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Krav</b>			
Kundekrav	9	108 761	1 059 649
Andre kortsiktige krav	4	588 769	279 243
<b>Sum krav</b>		<b>697 530</b>	<b>1 338 892</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot	6, 10	1 614 010	1 263 666
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>1 614 010</b>	<b>1 263 666</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>2 311 540</b>	<b>2 602 557</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>8 400 493</b>	<b>8 859 189</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Grunnkapital		501 427	501 427
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>501 427</b>	<b>501 427</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital		5 901 237	6 187 500
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>5 901 237</b>	<b>6 187 500</b>
<b>Sum eigenkapital</b>	7	<b>6 402 664</b>	<b>6 688 927</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	4	388 856	624 982
Skuldig skattetrekk		264 095	262 077
Skuldig arbeidsgjevaravgift		275 157	246 634
Skuldig feriepengar og lønn		667 061	637 846
Gjeld til Kringsjå AS	4		
Anna kortsiktig gjeld	8	402 660	398 723
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>1 997 829</b>	<b>2 170 262</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>1 997 829</b>	<b>2 170 262</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>8 400 493</b>	<b>8 859 189</b>



## Brønnøysundregistrene

### ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2024 697959

#### Enheten

Organisasjonsnummer: 964 009 805  
Organisasjonsform: Stiftelse  
Foretaksnavn: STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET  
Forretningsadresse: Strengjarhaugen 6  
5704 VOSS

#### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

#### Konsern

Morselskap i konsern: Ja  
Konsernregnskap lagt ved: Nei

#### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja  
Benyttet ved utarbeidelsen av  
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

#### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Jo Asgeir Lie  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 27.02.2024

#### Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskap er elektronisk innlevert.  
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023.

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 02.08.2024



Organisasjonsnr: 964 009 805  
STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET

## RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Inntekt av kursopphald		485 496	495 100
Tilskot frå Voss Kommune		125 000	125 000
Tilskot frå fylke		325 000	460 000
Tilskot frå UFD		2 922 000	2 878 000
Tilskot frå			
Kulturdirektoratet		6 745 000	6 415 000
Diverse inntekter, tilskot, gaver		1 498 239	1 130 904
<b>Sum inntekter</b>		<b>12 100 735</b>	<b>11 504 004</b>
<b>Kostnader</b>			
Lønn, feriepengar	1	4 303 047	5 038 025
Arbeidsgjevaravgift, pensjonskostnader, andre ytingar	1	1 542 627	1 340 764
Avskrivningar	2	53 249	53 000
Honorar innleigde tjenester	1	1 392 995	1 351 111
Nedskrivning av anleggsmidler	3	135 000	
Husleiga	4	2 090 800	2 105 114
Læremidler, utstyr		49 406	86 650
Honorar rekneskap, revisjon		174 499	162 973
Kontorrekvisita, telefon, porto		121 822	94 282
Litteratur, musikk, instrument		11 789	28 742
Reise og møtekostnader		1 223 391	1 312 969
Bil- og diettgodtgjersle		30 164	55 809
Annan driftskostnad		139 037	122 476
Utdelingar	5, 6	1 152 974	
<b>Sum kostnader</b>		<b>12 420 801</b>	<b>11 751 914</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-320 066</b>	<b>-247 910</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		24 386	10 211
Annen finansinntekt		9 611	9 292
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>33 997</b>	<b>19 503</b>
Annan rentekostnad		194	669
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>194</b>	<b>669</b>
<b>Netto finans</b>		<b>33 803</b>	<b>18 834</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>-286 262</b>	<b>-229 076</b>



<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		-286 262	-229 076
<b>Årsresultat</b>	7	-286 262	-229 076
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		-286 262	-229 076
<b>Totalresultat</b>		-286 262	-229 076
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Overført frå annan eigenkapital		-286 262	-229 076
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>		-286 262	-229 076



Organisasjonsnr: 964 009 805  
STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET

## BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Prosjektering nybygg	8		
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Bilete-, bok- og notesamling	3	7 140	142 140
Instrument	2	24 001	20 000
Lydutstyr	2		
Driftslausøyre, inventar og anna utstyr	2	57 000	93 000
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>88 141</b>	<b>255 140</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i dotterselskap	4	6 000 000	6 000 000
Innskotsfond/premiefond		813	1 491
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>6 000 813</b>	<b>6 001 491</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>	<b>2</b>	<b>6 177 095</b>	<b>6 511 771</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Krav</b>			
Kundekrav	9	108 761	1 059 649
Andre kortsiktige krav	4	588 769	279 243
<b>Sum krav</b>		<b>697 530</b>	<b>1 338 892</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot	6, 10	1 614 010	1 263 666
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>1 614 010</b>	<b>1 263 666</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>2 311 540</b>	<b>2 602 557</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>8 400 493</b>	<b>8 859 189</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Grunnkapital		501 427	501 427
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>501 427</b>	<b>501 427</b>



<b>Opptent egenkapital</b>			
Annan egenkapital		5 901 237	6 187 500
<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>5 901 237</b>	<b>6 187 500</b>
<b>Sum egenkapital</b>	<b>7</b>	<b>6 402 664</b>	<b>6 688 927</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	4	388 856	624 982
Skuldig skattetrekk		264 095	262 077
Skuldig arbeidsgjevaravgift		275 157	246 634
Skuldig feriepengar og lønn		667 061	637 846
Gjeld til Kringsjø AS	4		
Anna kortsiktig gjeld	8	402 660	398 723
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>1 997 829</b>	<b>2 170 262</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>1 997 829</b>	<b>2 170 262</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>8 400 493</b>	<b>8 859 189</b>



Organisasjonsnr: 964 009 805  
STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

## Note

Tal på årsverk i regnskapsåret  
9.00

<u>Sum</u>	<u>Beløp</u>
<u>Balanseført verdi 31.12.</u>	<u>Varige driftsmiddel Immaterielle eigned.</u>

## Konsernregnskap

Morselskapet sitt navn

Forretningskontor for morselskapet

Grunn til at dotterselskap ikke er tatt med i konsolideringa

<u>Samla beløp - tilknytt selskap</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
---------------------------------------	--------------	------------------

<u>Samla beløp - foretak i samme konsern</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
--	--------------	------------------

<u>Samla beløp - foretak i samme konsern</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
--	--------------	------------------

<u>Samla beløp - felles kontrollert verksemd</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
--	--------------	------------------

<u>Pantstillingar</u>	<u>Beløp</u>
-----------------------	--------------

<u>Behaldning av egne aksjar</u>	<u>Tal på aksjar Pålydande</u>	<u>Andel av aksjek.</u>
----------------------------------	--------------------------------	-------------------------



REVISOR  
**LARS KLYVE**  
Revisjon - Rådgjeving

REVISOR LARS KLYVE AS  
REGIMENTSVEGEN 225. 5705 VOSS

TELEFON: 918 64 436  
E-POST: post@larsklyve.no  
ORG. NR: NO 920 035 809

GODKJENT REVISJONSSKAP  
AUTORISERT REKNESKAPSFØRARSKAP

## Uavhengig revisors beretning

Til årsmøtet i Stiftelsen Ole Bull Akademiet

## Uttalelse om årsregnskapet

### Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Stiftelsen Ole Bull Akademiet som viser et underskudd på kr. - 286 262. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2023, resultatregnskap, og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet, med unntak av den mulige virkningen av forholdene som er omtalt i avsnittet «Grunnlag for konklusjonen med forbehold» gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet, med unntak av den mulige virkningen av forholdene som er omtalt i avsnittet «Grunnlag for konklusjonen med forbehold» et rettviseende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2023 og av dens resultat for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

### Grunnlag for konklusjonen med forbehold

#### Merverdiavgift

I forbindelse med vårt revisjonsarbeid har vi stilt spørsmål om stiftelsens avgiftsmessig har behandlet kostnadsdeling mellom stiftelsen og datterselskap korrekt. Vi er i tvil, og har bedt ledelsen av stiftelsen avklare spørsmålet med skattemyndighetene. Vi har forstått det slik i telefonsamtale med daglig leder at det er gitt beskjed til regnskapsfører om at det skal tas kontakt med skatteetaten for en avklaring av forholdet. Da spørsmålet ikke er avklart pr. dags dato, har vi ikke klart å kvantifisere den mulige økonomiske virkningen, som kan avhenge av eventuelt flere faktorer. En avklaring på vårt spørsmål kan også medføre en bekreftelse om at stiftelsen avgiftsmessig har behandlet kostnadsfordelingen korrekt, og at det således ikke vil ha noen økonomisk virkning.

#### Utdelinger

Stiftelsen Ole Bull Akademiet har utdelinger der man dekker lønnskostnader for samarbeidsparter. Me har gjort kontrollhandlinger basert på tilgjengelig dokumentasjon som ikke tilseier vesentlige avvik, men me tek atterhald om at ein ikkje får kontrollert dette fullstendig utan avtalar eller timelister. Den mulige økonomisk virkningen er trolig liten om noen. Det er likevel av betydning for brukerne av regnskapet at regnskapet gir et best mulig bilde av hvordan pengene er brukt.

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet. Vi er uavhengige av stiftelsen slik det kreves i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics

Side 1 av 2



Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon med forbehold.

## Øvrig informasjon

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for øvrig informasjon som er publisert sammen med årsregnskapet. Øvrig informasjon omfatter årsmeldingen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke øvrig informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt øvrig informasjon fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom øvrig informasjon fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

## Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

## Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:  
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

## Uttalelse om øvrige lovmessige krav

### Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at stiftelsen er forvaltet i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig. Basert på de utførte handlingene og det innhentede beviset er vi, med unntak av den mulige virkningen av forholdet beskrevet i avsnittet «Grunnlag for konklusjon med forbehold» i vår uttalelse, ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at utdelinger ikke er foretatt samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

VOSS, 1.3.2024

Revisor Lars Klyve AS

Lars Klyve  
Statsautorisert revisor



## ÅRSMELDING 2023 FOR STIFTINGA OLE BULL AKADEMIET

### Føremålet til Ole Bull Akademiet er:

- å formidle kunnskap om og å gje opplæring og utdanning i norsk folkemusikk og folkedans til studentar på høgskule- og universitetsnivå
- i samarbeid med Griegakademiet - Institutt for musikk, Universitetet i Bergen, å gje utdanning på universitetsnivå til folkemusikkutøvarar
- å vere ein møtestad mellom norsk folkemusikk og andre musikkgenrar
- å formidle kunnskap om norsk folkemusikk til interesserte frå andre land. Gjennom gransking, publisering og studentutveksling vil Ole Bull Akademiet gjere sitt til å auke kunnskapen om norsk folkemusikk og folkedans
- å vere ein aktiv aktør i nordiske og andre internasjonale fagfora som fremjar utdanning i og kunnskap om norsk folkemusikk.

### OPPSUMMERING AV DRIFTSÅRET 2023

2023 har vore eit normalt driftsår, etter to svært unormale driftsår under pandemien. Talet på vekekurs er nokolunde stabilt samanlikna med driftsåra 2019 og 2022.

Rekrutteringa til studia held fram med den gledelege oppgangen vi har registrert dei siste åra. I 2023 var det 14 studentar på bachelor og 1 student på det ordinære masterstudiet ved Griegakademiet. Nivået på studentgruppa er høgt, og dei har utmerka seg på ei rekkje konsertar gjennom året, mellom anna på 100-årsjubileet til FolkOrg i Grieghallen.

Osafestivalen sette også i 2023 ein solid publikumsrekord. Festivalen har for alvor markert seg som ein av dei mest sentrale folkemusikkfestivalane i landet, og får stor merksemd både lokalt, regionalt og nasjonalt. Programmet var større enn nokon gong, og det er no heilt klart at publikum kjem for å høyre musikk dei ikkje visste dei hadde behov for, og det er det som er styrken for festivalen. Osafestivalen byggjer bruer mellom ulike sjangrar, og årets tema var folkemusikken og visetradisjonen.

Hardingfela.no arrangerte UngOsa for 8. gong under Osafestivalen og hadde ein solid deltakarrekord med 96 deltakarar. Kurset er av dei største i sitt slag i Noreg og det største på Vestlandet. I juli arrangerte hardingfela.no 200 konsertar på dei ulike avdelingane til Hardanger og Voss museum, og aktiviteten innan folkedansopplæring var stor.

Felemakarverkstaden ved Ole Bull Akademiet held fram med å vekkje stor merksemd både nasjonalt og internasjonalt. Det er to felemakarar tilsett i verkstaden, Wiebke Lüders og Lukas Pawelka. Wiebke Lüders heldt mellom anna eit foredrag med tittelen «*History and development of the Norwegian Hardanger fiddle*» under symposiet Mestermøter, som Dextra Musica arrangerte på Nasjonalmuseet. Ho fekk også publisert ein artikkel med tittelen «*Norwegian Wood, History of the Hardanger fiddle*» i det velrenomerte magasinet *Strad Magazine*. Lukas Pawelka har gjennomført to store forskings- og utviklingsprosjekt i 2023. Han var, saman med luttmakar Lars Tørresen med å bygge ein Hardinglutt (lutt med understrenger), og på hausten 2023 gjorde han ferdig ein kopi av ein fiolin som i si tid var bygd av Trond Botnen på 1700-talet.

For eigedomsselskapet Kringsjå AS har det vore eit år prega av verknadane av prisauken i samfunnet. Dei store investeringane som vart gjort på oppgradering av varme og ventilasjon i 2022 syner også att på høge kapitalkostnader. Samstundes kan ein sjå at anlegget som vart sett i gang i februar 2023, har resultert i ein stor og positiv reduksjon i straumforbruket.

Alle tre selskapa, Stiftelsen Ole Bull Akademiet, Kringsjå AS og Osafestivalen AS er sertifisert som



Miljøfyrtårn-bedrifter, og sertifiseringa har gjeve eit styrka miljøfokus både på systemnivå og i kvardagen til kvar enkelt medarbeidar i Ole Bull Akademiet, Kringjså AS og Osafestivalen AS.

## ØKONOMI

Ole Bull Akademiet fekk i meldingsåret statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar til drifta.

Tilskot frå stat, fylke og kommunar:	2022	2023
Kulturdepartementet	6.415.000,-	6.733.000,-
Kunnskapsdepartementet - UiB	2.743.000,-	2.795.000,-
Studiepoengmidlar – UiB	135.000,-	127.000,-
Hordaland fylkeskommune	460.000,-	325.000,-
Voss kommune	125.000,-	125.000,-
<b>I alt</b>	<b>9.878.000,-</b>	<b>10.105.000,-</b>

Rekneskapen for 2023 syner eit underskot på **kr. 286 262,-**. Underskotet skuldast i all hovudsak auka utgifter knytt til ein normalisert driftssituasjon, kombinert med lønns- og prisvekst som på ingen måte vart kompensert fullt ut. Risikoen for at Ole Bull Akademiet ville få eit underskot også i 2023 vart varsla tidleg både til Kultur- og likestillingsdepartementet, og til Vestland Fylkeskommune. I rekneskapen er det ein reduksjon på kr. 150 000,- i løyvinga frå Vestland fylkeskommune samanlikna med 2022. Grunnen til reduksjonen er at desse midlane var øyremerka Hardingfela.no, og dei går frå 2023 direkte til Hardingfela.no v/ Hardanger og Voss Museum.

## Aksjar

Stiftelsen Ole Bull Akademiet eig alle aksjane i eigeoms- og driftsselskapet Kringjså AS, og alle aksjane i Osafestivalen AS.

## Fond

Styret forvaltar desse fonda:	31.12.2022	31.12.2023
Sigbjørn Bernhoft Osa sitt fond	kr 124.904,12	kr 128.158,12
Gudrun og Sigurd Haaheims fond	kr 38.463,-	kr 39.292,-
Liv og Knut Klemmetsens fond	kr 12.475,85	kr 12.744,85

All kapital er i Voss Sparebank. Det er ikkje brukt midlar frå Sigbjørn Bernhoft Osa sitt fond i 2023. Det har heller ikkje blitt delt ut midlar korkje frå Gudrun og Sigurd Haaheims fond i 2023 eller frå Liv og Knut Klemmetsens fond.

## STYRET

Terje Støve, leiar	FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans
Iiril Schau Johansen, nestleiar	Voss Herad
Sigbjørn Hauge, styremedlem	Voss Herad (til 01.11.23)
Tonje Såkvitne, styremedlem	Voss Herad (frå 01.11.23)
Frode Thorsen, styremedlem	Universitetet i Bergen
Magne Espeland, styremedlem	høgskular/universitet
Håkon Asheim, styremedlem	representant for dei tilsette

Jo Asgeir Lie har vore sakshandsamar og sekretær for styret.

Det har i meldingsåret vore årsmøte og fire styremøte med 20 saker til handsaming. Arbeidsutvalet, representert ved Terje Støve, Håkon Asheim og Jo Asgeir Lie, har hatt 4 møte og handsama 20 saker. Utvalet har i tillegg hatt jamleg kontakt gjennom året og drøfta ulike sider ved den daglege drifta.



## PERSONALE

Ole Bull Akademiet hadde i meldingsåret 14 personar med fast arbeidstilhøve til institusjonen, og som til saman utfører 8,97 årsverk. Halve stillinga til driftsleiar blir selt til Kringsjå AS.

Jo Asgeir Lie, rektor/førsteamanuensis	100 %	
Håkon Asheim, studieleiar/førsteamanuensis	100 %	
Arne Anderdal, høgskulelektor	100 %	
Ida Dyrkorn Heierland, festivalleiar, Osafestivalen	100 %	
Vegar Vårdal, førsteamanuensis	20 %	
Elisabeth Vannebo, høgskulelektor	17 %	
Tom Willy Rustad, førsteamanuensis	10 %	
Sissel Lie, konsulent	80 %	
Per Pettersson, driftsleiar/hussjef	25 %	(25 % Kringsjå AS)
Waldemar Szary, vaktmeister	25 %	(25 % Kringsjå AS)
Rannveig Djønne, dagleg leiar Hardingfela.no	100 %	Samarbeid med Hardanger og Voss museum
Wiebke Lüders, instrumentkonservator/hardingfelemakar	70 %	
Lukas Pawelka, instrumentmakar	50 %	
Magni Rosvold, fagkonsulent dans i Hardingfela.no	100 %	Samarbeid med Hardanger og Voss museum

Jo Asgeir Lie er rektor og førsteamanuensis, og har ansvar for den daglege leiinga og drifta av institusjonen, saksførebuing og sekretærfunksjonen for styret, søknader om offentlege løyvingar og midlar til ulike prosjekt. Rektor har ansvar for det faglege og pedagogiske arbeidet og skal, i samarbeid med dei fagleg tilsette, lage fagplanar for studia og planar for kursverksemda. Rektor har i meldingsåret også gitt undervisning både på kursa og studia.

Håkon Asheim er studieleiar og førsteamanuensis. Han er praktisk, pedagogisk og kunstnarleg leiar av studietilboda OBA har i samarbeid med UiB: Tradisjonsmusikk I og II (bachelorgradsstudium), mastergradsstudiet (Nordic Master) i samarbeid med 3 andre nordiske høgskular, og tradisjonsmusikk-delen av masterstudiet ved Griegakademiet/UiB. Han har ansvar for planlegging, organisering og gjennomføring av studiet, og skal i nært samarbeid med rektor, fagrådet ved OBA og fagleg/administrativ leiding ved Fakultet for kunst, musikk og design syte for fagleg og økonomisk styring av samlingane og studiet elles. Asheim har også undervisningsplikt, og han er ansvarleg for fagseminaret i samband med Osafestivalen.

Vegar Vårdal er tilsett som førsteamanuensis i 20 % stilling, med undervisningsplikt på studiet i tradisjonsmusikk.

Tom Willy Rustad er tilsett som førsteamanuensis i 10% stilling. I denne stillinga ligg undervisning for studiet i tradisjonsmusikk.

Arne Anderdal er tilsett som høgskulelektor/arkivar i 100% stilling. Til stillinga høyrer kursadministrasjon, med hovudarbeidsområde å planleggja, organisera og gjennomføra kursverksemda ved Ole Bull Akademiet. I tillegg ligg bibliotek- og lydarkivarteneste, undervisningsplikt/kursleiing og ansvar for data- og anna teknisk utstyr inn i stillinga hans.

Elisabeth Vannebo er tilsett som høgskulelektor i 17% stilling. I denne stillinga ligg teoriundervisning for studiet i tradisjonsmusikk.

Rannveig Djønne er tilsett i 100% stilling som dagleg leiar for Hardingfela.no. Hardingfela.no er eit samarbeid mellom Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss Museum om ei brei satsing på hardingfela - musikken, instrumentet, dansen og miljøet. Djønne var hausten 2023 utleigd til Voss kulturskule i 11,5 % stilling for å driva undervisningsarbeid i toradar i Granvin. Ho er også medlem i styret for Osafestivalen.



Magni Rosvold er tilsett som fagkonsulent- dans i 100% stilling i hardingfela.no. Ho jobbar med mellom anna samarbeid med lokallag og kulturskular om satsingar innan spesielt folkedans, samarbeider med Senter for folkemusikk og folkedans om m.a. forskingsprosjekt og har ei sentral rolle i det administrative og gjennomføringa av UngOsa.

Ida Dyrkorn Heierland er tilsett som festivalleiar for Osafestivalen i 100 % stilling. Til stillinga ligg ansvaret for planlegging og gjennomføring av festivalen, i tillegg til drift og planlegging av Osascena på Voss.

Sissel Lie er konsulent i 80% stilling. Ho har ansvar for det merkantile arbeidet ved Ole Bull Akademiet. I stillinga ligg vertsfunksjon, resepsjonsteneste og praktisk tilrettelegging av kursopphalda. Til stillinga ligg også den merkantile delen av kursadministrasjonen, m.a. fakturering til skular og institusjonar. I tillegg har ho det daglege ansvaret for butikken til Kringsjå AS. Ho er også sekretær for, og medlem i styret for Osafestivalen.

Per Pettersson er tilsett som driftsleiar og hussjef, og har 25 % stilling ved Ole Bull Akademiet og 25 % i Kringsjå AS. Han er ansvarleg for vaktmeistertjenester, avtale med cateringselskapet "Tre Kokker Voss" og vakt- og vaskelister for eigedomen.

Waldemar Szary er tilsett som vaktmeister i 25 % stilling ved Ole Bull Akademiet og 25 % i Kringsjå AS.

Wiebke Lüders er tilsett som instrumentkonservator og hardingfelemakar i 70 % stilling. Til stillinga er det knytt undervisningsoppgåver på hardingfelemakarstudiet, i tillegg til reparasjonar og nybygg av hardingfeler.

Lukas Pawelka er tilsett som hardingfelemakar i 50 % stilling.

I tillegg til dei fast tilsette har ein i stor grad nytta gjesteførelesarar i undervisninga. Dette er i tråd med tanken om at flest mogleg av dei lokale og regionale musikk- og dansetradisjonane i landet skal presenterast på institusjonen gjennom studieåret. Denne driftsmodellen gjev arbeid til svært mange folkemusikarar, som baserer mykje av inntekta si på våre konsert- og undervisningstilbod. Ole Bull Akademiet er ein av dei største arbeidsgjevarane til norske frilansmusikarar innan folkemusikk og folkedans.

## VEKESKURS

Det har vore halde 20 kurs/seminar for i alt 18 institusjonar/studentgrupper, med til saman 578 studentar og 20 lærarar frå institusjonane. Dette gjev eit studenttal i snitt på 28,9 per kurs.

<u>VEKE</u>	<u>STUDENTAR</u>	<u>LÆRARAR</u>	<u>INSTITUSJON</u>
1	14		Høgskulen på Vestlandet
2	37	3	Ski videregående skole
3	17	1	OsloMet
4	4		Neon Vokal
6	12		Universitetet i Agder – i Bykle
7	19		Universitetet i Oslo
8	28		NLA Staffeldtsgate
8	14	1	Barratt Due musikkinstitut – i Oslo
10	35		Griegakademiet
16	16	1	Voss Folkehøgskule
18	59	3	Edvard Munch videregående skole
34	30		Bergen Private Gymnas
36	46	2	Universitetet i Stavanger
36	44		Universitetet i Agder – på Rysstad
37	70		Åsane Folkehøgskule
38	17	1	Høgskulen i Volda
39	25	2	Ansgar Høyskole – på Rysstad
40	10	2	Høgskulen på Vestlandet



41	23		NTNU
46	58	4	Foss videregående skole
20	578	20	

Kurset i veke 6 for Universitetet i Agder blei halde i Bykle, kurset i veke 8 for Barratt Due i Oslo, og kursa i veke 36 for Universitetet i Agder og veke 39 for Ansgar Høyskole blei haldne på Rysstad.

#### Kursleiarar:

Desse har vore kursleiarar (tal på kurs dei har vore kursleiar for står i parentes):

Arne Anderdal (5), Eli Storbekken (2), John Ole Morken (1), Johanne Mjøs (2), Lajla Renate Buer Storli (3), Ingrid Standal Sørheim (3), Kristoffer Kleiveland (1), Sigrid Stubbsveen (3)

#### Lærarar:

Førelasarar/instruktørar/konsert

Arne Anderdal, Jo Asgeir Lie, Berit Opheim, Lajla Storli, Kim André Rysstad, Anne Beate Guldahl, Stina Brandin, Steinar Ofsdal, Trym Bjønnes, Harald Knutsen, Sigurd Brokke, Annbjørg Lien, Ingrid Standal Sørheim, Hans Martin Austestad, Elisabeth Ellingsen, Eli Storbekken, Mikael Hedne, Vegard Hansen, Sigrid Moldestad, Torkjell Lunde Børsheim, Alexander Aga Røystrand, Håkon Asheim, Irene Tillung, Eilif Gundersen, Astri Sudmann, Johanne Mjøs, Stein Villa, Kirsten Bråten Berg, Sigrid Jore, Georg Buljo, Astrid Garmo, Synnøve Brøndbo Plassen, Hans Christian Dahlgaard, Ole Nilssen, Svein Kjerland, Kristoffer Kleiveland, Sigrid Stubbsveen, Symre Taugbøl Bang, Tone Ingvaldsen, Bendik Smedåsgjelten Qvam, Margrete Nordmoen, Sniolvur Joanesarson, Gunnlaug Lien Myhr, Anund Meberg Myhren, Vegar Vårdal, Silje Hegg, Helga Jakobsen, Åsmund Reistad, Anja Røed, Mari Skeie Ljones, John Ole Morken, Lars F. Smaaberg, Trygve Liahagen, Arne Sølberg, Magni Rosvold, Kari Finne Sognnæs, Elisabeth Vannebo, Maria Toppe, Kristian Tverli Iversen, Sissel Rudningen, Ingunn Stræte, Voss Spelemannslag

#### STUDIUM I TRADISJONSMUSIKK / FOLKEMUSIKK

Den gledelege utviklinga dei siste to åra heldt fram i 2023: relativt høge søkjartal, og høgt nivå på søkjarane til studiet i utøvande tradisjonsmusikk. Ved inngangen av året hadde vi eit studenttal på 15 (inkl. master), og dette er det høgaste talet som har vore sidan studiet vart sett i gang i 1996. Studentane utmerka seg på mange konsertar og i andre samanhengar gjennom året, og det var eit høgdepunkt då dei opna FolkOrg sin 100 års jubileumskonsert i Grieghallen 14. oktober med samspel. Mot slutten av året skipa dei studentlaget Strengjarhaugen spelemannslag, eit medlemslag i FolkOrg.

#### Bachelorstudiet i tradisjonsmusikk

Tradisjonsmusikk er ei av fire studieretningar innafor Bachelorprogram i utøvande musikk/komposisjon ved Griegakademiet – Institutt for musikk, Universitetet i Bergen. Studiet hadde 9 vekessamlingar på OBA gjennom året.

- **Studentar vidare frå 2022:**  
Solveig Eide Grønningsæter (fele), Emma Sandseter-Selen (trekkspel), Ane Stakston Aasen (fele), Thor Sture Hauknes (trekkspel), Anund Myhren (munnharpe), Siri Nordgård (toradar), Steinar Odde (gitar/trekkspel), Ragna Valde Sletten (fele), Ingrid Lingaas Fossum (langeleik/vokal), Vegard Hansen (toradar/trekkspel), Sigyn Sjølie Sandegren (vokal), Jounnas Helmine Bruun Arnesen (saksofon), Mats Nystam (mandola)
- **Nye studentar hausten 2023:**  
Iselin Aukrust (fele/vokal), Semon Harerusten (gitar/mandolin), Ivar Blekastad Haugen (trekkspel), Robin Morken (fele)

Ein student, Mats Nystam, tok avsluttande bacheloreksamen i juni.

#### Det utøvande masterstudiet med tradisjonsmusikk som sjanger

Dei siste åra har det vore mogleg å søkje det ordinære masterstudiet i utøvande musikk ved Griegakademiet / UiB med jazz eller folkemusikk som sjanger. *Mathilde Skjæret* (hardingfele), tidlegare bachelorstudent ved OBA, starta på studiet hausten -23.

## Konsertar og musikkinnslag med bachelor-/masterstudentane:

- Nyårskonsert i Osasalen
- Fleire lunsjkonsertar i Voss bibliotek
- Innslag på:
  - Opning av EM/World Cup i fallsjerm og opningskonsert for Griegakademiet på Landmark i august,
  - 100 års jubileumskonsert for FolkOrg i Grieghallen i oktober
- Konsert i Voss Sparebank under Osafestivalen
- Spelt til dans på dansekveldar i Ungdomshallen, i regi av Voss Ungdomslag og Voss spelemannslag
- Fleire konsertar for Klausabakken barnehage

## Det nordiske masterstudiet i folkemusikk

Dei 6 studentane på fellesstudiet "Nordic Master in Folk Music" (NoFo) hadde etter vanleg opplegg sitt fjerde semester, vårsemesteret 2023, delt mellom opphald ved sin heiminstusjon og studieopphald på OBA veke 7 til 13. Dei framsto som eit svært godt ensemble i konsertar på Osascena, VossaJazz og Nordtrad-konferansen i Arvika. I studentkullet som gjekk ut våren -23 var det to studentar med Ole Bull Akademiet/Griegakademiet som heiminstusjon (*Ronja Grafström* og *Timmy Gasslander*), tre frå Syddansk Musikkonservatorium (Esbjerg) og éin frå Kungliga Musikhögskolan (Stockholm). I haustsemesteret starta det opp ei ny gruppe på 4 studentar, men ingen ved OBA/GA, sidan studiet no er under revisjon her og ein vil vente med å ta opp nye studentar til neste runde, hausten 2025. Håkon Asheim representerer OBA i koordinatorgruppa for studiet.

## Lærarar/førelasarar på bachelor- og masterstudia

*Bjørn Aksdal, Arne Anderdal, Sigbjørn Apeland, Håkon Asheim, Arve Moen Bergset, Aslak Brimi, Rolv Brimi, Knut Aastad Bråten, Ole Aastad Bråten, Torkjell L. Børsheim, Rannveig Djonne, Ånon Egeland, Linn Andrea Fuglseth, Per Anders Buen Garnås, Ole Gjerde, Ola Graff, Camilla Granlien, Hallgrim Ulvik Haug, Sivert Holmen, Håkon Høgemo, Simen Roheim Iversen, Jarnfrid Kjøk, Kristoffer Kleiveland, Jorun Marie Kvemberg, Gjermund Larsen, Anne Lederman, Jo Asgeir Lie, Unni Løvlid, Ørjan Matre, Johanne Mjøs, Thomas Nilssen, Bjørn Kåre Odde, Steinar Ofsdal, Berit Opheim, Carl Petter Opsahl, Andreas Risan, Camilla Rognes, Olav Christer Rossebø, Tom Willy Rustad, Anders Røine, Bodil Lunde Rørtveit, Roger Slåstuen, Ingrid Schei Stuhaug, Astrid Sulheim, Elfi Sverdrup, Arne Sølvsberg, Anette Thorsheim, Irene Tillung, Elisabeth Vannebo, Mette Vårdal, Vegar Vårdal, Hanne Weissner, Espen Wensaas, Tron Steffen Westberg, Ståle Ytterli, Eilif Gundersen, Mari Skeie Ljones, Benedicte Maurseth, Åsmund Reistad, Susanne Rosenberg, Magni Rosvold, Eli Storbekken, Astri Sudmann*

## Nordisk folkemusikkonferanse for studentar og lærarar

Den årlege samlinga for Nordtrad-nettverket (utøvande folkemusikkutdanningar frå Norden og Baltikum) vart i 2023 arrangert av Musikkhögskolan Ingesund i Arvika 11.–16. april, med eit rikhaldig program av workshops, førelesingar, student- og lærarmøte, konsertar og samspelegrupper på tvers av land og skular, samt vitjing på Västanå teater. Studentar frå OBA deltok og bidro m.a. på fleire av konsertane (Nordic Master-studentane med ein eigen konsert), og Vegar Vårdal og Håkon Asheim representerte lærarane.

## OSAFESTIVALEN

Osafestivalen vart arrangert helga 27.–29. oktober 2023. Osafestivalen har hatt ei markant utvikling dei siste åra med omsyn til publikumsutvikling, programmering, teknisk produksjon og satsing på born og unge. Festivalen hadde i 2023 det beste førehandssalet nokosinne, og eit solid økonomisk resultat med ny rekord for billett- og barsal. Etter fjerde året med hovudbase i Voss idrettshall har festivalen utan tvil fått eit breiare fotfeste i Vossabygda og ein meir uttalt regional posisjon - både i form av geografisk nedslagsfelt med fleire tilreisande, men også i kraft av den fagleg solide karakteren og det særpreget festivalen har som møteplass mellom ulike tradisjons- og samtidsuttrykk. Festivalen hadde ein liten auke i talet på frivillige. Medlemene i Osarådet har halde fram det gode arbeidet som tidlegare år. Heilårsscena Osascena har hatt eit aktivt år med ein ekstra konsertserie i Finnesloftet.

## Organisasjon



Osafestivalen er organisert som eit velgjerande AS og er ein sjølvstendig festival med Ole Bull Akademiet som eigar. Ole Bull Akademiet, Voss Spelemannslag, Voss Ungdomslag og Orkesteret Fossegripen er arrangørar av Osafestivalen. 150 dugnadsmedarbeidarar var med på festivalavviklinga.

## Styret

Jo Asgeir Lie (styreleiar)  
Terje Støve (vara styreleiar)  
Tina Kjerland (styremedlem)  
Sissel Lie (styremedlem)  
Rannveig Djønnne (styremedlem)

Ida Dyrkorn Heierland har vore sakshandsamar og sekretær for styret.

## Tilsette knytte til Osafestivalen

Ida Dyrkorn Heierland (dagleg og kunstnarleg leiar 100%) og Sissel Lie (festivalsekretær 10%) er tilsette ved Ole Bull Akademiet.

## Programråd

Jo Asgeir Lie (Ole Bull Akademiet)  
Frode Thorsen (Fakultet for kunst, musikk og design, UiB)  
Synneva Gjelland (Frilans folkemusikar)  
Alexander Aga Røystrand (Frilans folkemusikar)  
Ida Dyrkorn Heierland (Dagleg og kunstnarleg leiar Osafestivalen)

## **Kunstnarleg innhald**

### *Festivalprogrammet*

Osafestivalen skal vere ein nyskapande møtestad der folkemusikken møter og bryner seg på nærliggjande musikkformer. I tillegg til at tradisjonsmusikken og tradisjonsdansen var sterkt representerte i programmet utforska festivalen særleg møtet mellom visesongen og folkemusikken. Øystein Sunde & Meget i Sløyd kom med ein spesialprodusert konsert med folkemusikkvri med gjestene Einar Mjøltnes og Kirsten Bråten Berg. Valkyrien Allstars, Daniela Reyes, Sudan Dudan, Sliten Eliten, Elias Akselsen og ikkje minst familiekonserten med Lillebjørn Nilsen sine barneviser var andre programpostar der dette møtet stod sentralt.

Festivalprogrammet byr alltid på eit stort spenn i opplevingar frå soloutøvarar til grupper, nasjonale og internasjonale artistar, matopplevingar, UngOsa-samling, utøvarkurs, lynkurs, musikalsk prøverom-turné på to hjul, kunstutstilling, familieførestillingar, stikk innom-konsertar og dans fordelt over tre festivaldagar. 2023-programmet hadde 50 programpostar fordelt over fire dagar.

Dei tre signaturprogrampostane: Urtonen, Meistertimen og Osamæle er vidareførte: *Årets urtonekonsert* var Kirsten Bråten Berg solo i Kapellankåken. Under *årets meistertime* stod durspeltradisjonen i fokus, i eit møte mellom meister Tom Willy Rustad, Kristoffer Kleiveland og Ingrid Standal Sørheim. *Årets Osamæle* presenterte tre markante hardingfeleutøvarar: Per Anders Buen Garnås, Ingrid Schei Stuhaug & Sivert Holmen som alle kom med si eiga forteljing om det å vere tradisjonsberar i vår tid.

Spellemannsprisvinnar i 2022, «Løvlid, Hytta, Nyhus» kom til Vangskyrkja med spanande og nye versjonar av Edvard Griegs 19 Norske folkeviser, op. 66. Liv Bernhoft Osa og Knut Hamre fylte Osasalen med slåttespel, tekstar og historier knytte til Olav H. Hauge sitt liv. I Nain fekk publikum oppleve eit akustisk møte mellom Nils Økland, Caoimhín Ó Raghallaigh og Mick O'Brien frå Irland, Paul Jackman, Torbjørn Økland, Inga Margrete Aas og heile Voss spelemannslag. I foajéen i Gamlekinoen stod folk i kø for å sikre seg plass på Gjermund Larsen trio sin frukostkonsert.

Osafestivalen har, som dei siste åra, fremja delar av tradisjonsmangfaldet vi har i Noreg. Avslutningskonserten på årets festival tok publikum med inn i eit stykke musikalsk kulturhistorie: Elias Akselsen presenterte gamle tatersongar i si særegne form i Voss idrettshall.

## *Satsingsområde:*

## Styrke formidling retta mot born og unge

Osafestivalen har gjennomført nye samarbeidsprosjekt med Voss kulturskule kring produksjon av familieførestillinga «Haba Haba» og Voss utferdslag / Borna sitt turlag kring produksjon og gjennomføring av «Osarebus».

Festivalen løfter fram dei yngste utøvarane i regionen: I år hadde Hamre/Farsethås, G-belgane og Småkvedarane stikk innom-konsertar. Anders M. Mjelde opna laurdagskvelden med solospel i Voss idrettshall. Årets «UngOsa-konsert» og familiekonserten vart i år presenterte som ein dobbelkonsert i Voss idrettshall. Festivalen fekk òg ein publikumssuksess med «Instrumentmakarverkstad» laurdagen i samarbeid med Voss bibliotek. Samarbeidet med Gryto held fram - i år med gratis bandworkshop for ungdom med Sliteneliten. Også i år har Steinar Ofsdal vore på barnehageturné: «Musikalsk prøverom på to hjul» vitja fem barnehagar. UngOsa vart i år arrangert for åttande gong under Osafestivalen, og det var igjen deltakarrekord med 96 unge utøvarar frå sju år og oppover på hardingfele, toradar, song og dans mot 72 i 2022. (sjå Hardingfela.no)

## Solospel og dans

Osafestivalen vidarefører satsinga på solospel og -song: fredag og laurdag presenterte me to kortare solo hardingfelekonsertar på stor scene i Voss idrettshall med Daniel Sandén-Warg og Alexander Aga Røynstrand. Solospel var generelt godt representert i programmet. Dans har også i år vore ei satsing, med sjølvne opningsframсыninga på årets festival, «Livmødre», middagsdansen i Ungdomshallen laurdagen med tre dansekonsertar, eit dansekurs for nybyrjarar same dag, og fredagsdansen med Folkesnurr-konseptet endå eit steg nærare klubbmusikken – beats frå moderne klubb/house/afro-sjangrar, blanda med klangar frå folkemusikken. Laurdagsdansen med Madam Jam og vårt eige studentorkester «Skrot» slo godt an laurdag kveld.

## Systemspel på reise

Fjorårets store programsatsing, «Systemspel», har vore på turné i heile 2023. Utstillinga har vitja Riksscenen (927 besøkande), Setesdalmuseet, Romsdalsmuseet (813 besøkande) og Rørosmuseet.

## Økonomi

Billett- og barsalet vart også i år det beste i festivalen si historie. Osafestivalen mottok driftstilskot frå Norsk Kulturråd kr 650 000,-, Vestland fylkeskommune kr 220 000,- og Voss Herad kr 300 000,-. Festivalen fekk kr 300 000,- i tilsegn frå Sparebankstiftelsen til gjennomføring av fagseminar med Dextra-utøvarar og tilhøyrande programpost. I tillegg har festivalen støtte frå andre offentlege og private kjelder. Ole Bull Akademiet finansierer fullt ut dei to administrative stillingane som ligg til festivalen.

Årsrekneskapan syner eit samla resultat på kr 330 000,- for Osafestivalen AS. Fordelt på dei tre avdelingane ser det slik ut: Osafestivalen kr 305 000,- Avdeling Osascena kr 40 000,- avdeling UngOsa kr -15 000,-

## Osascena

Osascena er Osafestivalen si heilårs akustiske musikkscene med fast tilhaldsstad på Tre Brør Bar på Voss. I 2023 har Osascena i tillegg gjennomført konsertar i Finnesloftet, Osasalen, Voss Ungdomshall og felemakarverkstaden til Sigvald Rørlien i Dyrvedalen. Osascena er eit samarbeidsprosjekt mellom Osafestivalen, Voss Spelemannslag og Ole Bull Akademiet, der Osafestivalen er økonomisk ansvarleg og står for den daglege drifta som omhandlar booking, marknadsføring, økonomi og andre praktiske gjeremål. Scena er ein godt etablert og velkjend kulturarena på Voss og i regionen.

## Programnemnd

Arne Anderdal (tilsett Ole Bull Akademiet), Lars Gjelland (repr. Voss Spelemannslag), Ida Dyrkorn Heierland (dagleg leiar Osafestivalen), Kari Finne Sognnæs (frilans kvedar og tidlegare student ved Ole Bull Akademiet, gjekk ut av nemnda etter vårhalvåret).

## Gjennomførte konsertar, publikumstal

**24. januar:** Henderson, Fliflet & Burgess (Tre Brør), **5. februar:** Jaerv (Tre Brør), **28. februar:** Johanna Seim + Sjur Nyvold + Timber (Tre Brør), **7. mars:** Knut Hamre, Benedicte Maurseth, Annlaug Børsheim og Lajla Storli (Osasalen), **25. april:** Dansekonsert med Kvarts (Ungdomshallen), **3. juni:** Finnesloftet Bukkene Bruse (Finnesloftet), **19. august:** Berit Opheim og Marit Karlberg (Finnesloftet), **3. september:** Mellomalderensemblet Currentes (Finnesloftet), **28. november:** Djønne&Børsheim (Tre Brør), **12. og 17.**



**desember:** Verkstadkonsertar med Sigvald Rørlien og Alexander Aga Røystrand med gjester (felemakarverkstaden i Dyrvedalen).

Totalt 424 besøkande på Osascena i 2023.

## FELEMAKARVERKSTADEN

Det har vore mykje reparasjonsarbeid av hardingfeler, fiolar, celli, bogar, og andre strykeinstrument. Verkstaden har også hatt fleire praktikantar i år: Ein student frå instrumentmakarstudiet ved USN Rauland (Jake Fineberg - 1 veke), to studentar frå Austerrike (utdanna fiolinmakar Benjamin Winter – 2 månader og utdanna fiolinmakar Moritz Luckart – 7 veker), og 1 frå Tyskland (biolog Pascal Schmidt – 1 veke).

10.–12.02. var felemakarverkstaden representert på Mestermøte (Master to Master Symposium), som Dextra Musica arrangerte i Nasjonalmuseet i Oslo. Dette symposiet trekte til seg instrumentmakarar frå heile verda, i tillegg til at over 14 000 personar var innom instrumentutstillinga og konsertane i dei to vekene arrangementet pågjekk. Felemakarverkstaden hadde 12.02. ein popup-verkstad for born og vaksne som ein del av dette store arrangementet, og Wiebke Lüders heldt foredraget «*History and development of the Norwegian Hardanger fiddle*»

Morgondagens felemakarar har hatt 5 ungdomar innom i verkstaden ein gong i veka (ein elev slutta i juni 2023 pga. flytting til annan lærestad). Målsetjinga er å få ferdig felene i 2024. I juni var det popup-verkstad på Mølstertunet, i samband med at Voss folkemuseum markerte 100-års jubileet. Denne verkstaden vart gjort saman med Morgondagens felemakarar. Det var også popup-verkstad for born på biblioteket som ein del av Osafestivalen. Dette var eit svært populært tilbod!

Felemakarverkstaden har også inngått eit partnerskap med Alex Carrol og «Oslo Hardanger Fiddles» om sal og formidling av hardingfeler.

## HARDINGFELA.NO

Hardingfela.no har også i 2023 hatt eit aktivt år. Dei viktigaste hendingane var:

- UngOsa sette deltakarrekord med 96 born og unge.
- Det vart halde 200 konsertar i juli månad i dei ulike museumstuna til Hardanger og Voss museum.
- Dei unge felemakarane i prosjektet «Morgondagens felemakarar» kjem stadig nærare målet om å ha bygd sine egne hardingfeler.
- Mange gode samarbeidspartar innan folkedans og forskingsarbeid kring Sørfjordspringaren.

### Organisering

Prosjektet er eigd av Hardanger og Voss Museum og Ole Bull Akademiet. Magni Rosvold er fagkonsulent for dans (100 % stilling) og Rannveig Djønne er dagleg leiar for hardingfela.no (100 % stilling).

Styret til *hardingfela.no* består av:

- Rektor ved Ole Bull Akademiet, Jo Asgeir Lie
- Direktør ved Hardanger og Voss museum, Åsmund Kristiansen Kristiansen
- Styrar ved Hardanger Folkemuseum, Ingvild Hauso
- Formidlingsleiar ved Hardanger Folkemuseum, Agnete Sivertsen har også delteke på møta.

Styret har hatt fem møte i 2023.

Rådet for *hardingfela.no* består av:

- Hordaland folkemusikklag – Per Øyvind Tveiten
- Sogn og Fjordane folkemusikklag – Knut David Hustveit
- Hordaland ungdomslag – Øystein Rambjørg
- Sogn og Fjordane ungdomslag – Olaf Skjerdal
- Førdefestivalen – Sølvi Lien
- Vestland fylkeskommune – Wenche Gausdal
- Osafestivalen – Ida Dyrkorn Heierland



- Ole Bull Akademiet – Jo Asgeir Lie
- Hardanger og Voss museum – Åsmund Kristiansen

Rådet har ikkje hatt møte i 2023.

I tillegg er dagleg leiar med i gruppa for formidlingsleiarane i Hardanger og Voss museum som har møte kvar 14. dag. Dei to tilsette i hardingfela.no deltek på personalmøta på Ole Bull Akademiet og har jamlege oppdateringar saman med Hardanger Folkemuseum.

Underprosjekt av Hardingfela.no:

### UngOsa

UngOsa vart i år arrangert for 8. gong under Osafestivalen. Det vart ny deltakarrekord med 96 unge utøvarar frå 7 år og oppover på hardingfele, toradar, song og dans. Dette var 24 fleire enn i 2022. Deltakarane i år kom frå Voss, Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Kvam, Bergen, Øygarden, Osterøy, Alver, Samnanger, Aurland, Sunnfjord, Sogndal, København og Asker. Det er hardingfela.no som står for planlegging og gjennomføring av UngOsa.

I år var det i tillegg eit samarbeid med Bergen Ungdomslag Ervingen (BUL Ervingen), som driv eit fordjupingsprogram i folkemusikk og folkedans i samarbeid med Bergen kulturskole. Talentprogrammet er støtta av Dextra Musica. 20 av deltakarane på årets UngOsa var ein del av dette programmet. Desse 20 hadde også fire eigne lærarar som var hyra inn av BUL Ervingen.

Årets UngOsa-lærarar:

Toradar: Ole Gjerde, Amalie Kinsarvik Tvilde og Linda Skjerping

Song: Guttorm Rogdaberg og Lajla Storli

Hardingfele: Svein Laingen Kjerland, Ida Marie Rognsvåg, Marta Lindvik og Håkon Høgemø

Dans: Åsmund Nestås Øydvin og Silja Solvang med dansespel av Anita Solheim Bråvoll

Samspel: John Ole Morken

Lærarane på fordjupingsprogrammet var Åslaug Timenes Bell (hardingfele), Alexander Aga Røynstrand (hardingfele), Andreas Kollvangsnes (toradar), Gunn Inger Sture (dans)

Nytt av året var eit samarbeid med forfattar Ruth Lillegraven, som skreiv eit manus til avslutningsframsyninga. «*Sjømonster på vandring*» heitte eventyret og vart framført av forfattaren sjølv saman med kursdeltakarane Guro Bell Berge og Nils Tranøy, i Voss idrettshall. Totalt deltok 130 utøvarar på framsyninga, der Hardingfela.no hadde regien.

### Morgondagens felemakarar

I samarbeid med felemakarverkstaden ved Ole Bull Akademiet. Sjå utfyllande tekst under Felemakarverkstaden.

### Felefyllje – konsertar i museumstuna

Solokonsertane i museumstuna til Hardanger og Voss museum som Hardingfela.no organiserer og finansierer er eit populært og vellukka tiltak. Også i 2023 var det tre utøvarar som var hyra inn: Svein Laingen Kjerland (hardingfele) med konsertar på Hardanger Folkemuseum, Agatunet og Skredhaugen, Siri Nordgård (toradar) med konsertar på Mølstertunet, og Ingrid Standal Sørheim (toradar): konsertar på Hardanger Fartøyvernssenter og Storeteigen. I løpet av juli heldt dei tre utøvarane til saman 200 konsertar på kring 20 minutt. I 2023 var det ein liten auke i publikumstalet for konsertane.

### Sekretariat for Vestland fylkeskommune sine folkemusikk- og folkedansstipend

Hardingfela.no var, før fylkessamanslåinga, sekretariat for folkemusikkstipenda til Hordaland fylkeskommune. Vestland fylke har vidareført ordninga, og Hardingfela.no er framleis sekretariat for nemnda som innstiller på stipendvinnarar. Stipendet på kr. 60 000 gjekk i år til Hans Martin Austestad.

### Sal av instruksjonstenester til Voss kulturskule

Det var eit sterkt ynskje om toradarundervisning i Granvin hausten 2022, men ikkje noko fast tilbod korkje i kulturskulen eller i regi av Hardanger spelemannslag. Hardingfela.no starta difor opp eit

undervisningstilbud, og elevtalet auka raskt til 16 born. Hausten 2023 tok Voss kulturskule toradar inn som eit tilbod og overtok elevane i Granvin, i tillegg til ein del av borna som spelar på Voss i regi av Voss ungdomslag. For å ha nok lærarressursar, og sikra kontinuiteten frå oppstarten, leiger Voss kulturskule Rannveig Djønne inn som lærar i 11,5 % stilling.

Ulike tiltak innan *danseopplæring*:

#### **Dans i Ullensvang: DKS-tilbod og lokale tiltak**

I regi av Ullensvang kulturskule har DKS-tilbodet, *Hardingdans*, vorte gitt til elevar på mellomtrinnet i ullensvangskulane, også i 2023. Ein av aktivitetane i samband med tilbodet er lokale dansefestar i etterkant av skulebesøka. Hardingfela.no har samarbeidd med lokale lag, ressurspersonar og organisasjonar for å få til dette, og det vart arrangert 4 dansefestar i vårsemesteret. Opp mot 200 personar til saman har vore med på ein eller fleire av desse.

**Introduksjon til folkedans – prosjekt med danseklassa på Musikk dans og drama ved Voss gymnas**  
Hardingfela.no hadde eit prosjekt som gjekk over tre veker i den obligatoriske danseundervisninga til fyrsteklasse på musikk, dans og drama-lina, i samarbeid med deira faste danselærar. Elevane fekk kort innføring i dansehistorie, parallelt med praktiske øvingar.

#### **Dans for ungdom, Voss**

Dette er eit samarbeid med Voss spelemannslag. Vinteren 2023 vart det starta opp ny gruppe med dans for ungdom. Det var ein stor suksess, der godt over 20 ungdomar, i hovudsak i ungdomsskulealder, deltok på danseøvingane før vinterferien, og med 30–40 ulike ungdomar innoft tilbodet i løpet av vårsemesteret (på det jamne 10–25 på kvar øving). Ungdomane har også delteke på ulike oppdrag. Voss spelemannslag står som eigar av tilbodet og betalar instruktørane. Hardingfela.no har bidrege med eigeninnsats i form av deltakande ressursar på ein del av øvingane og ein del administrering og organisering av tilbodet.

#### **Bruk av dans i arbeid med born og unge ved Barne- og ungdomsarbeidarlina ved Os vidaregåande skule / SFO-tilbod med folkemusikk og folkedans**

Samarbeidet med Barne- og ungdomsarbeidarlina ved Os vgs. kom i stand etter lokalt initiativ frå Os ungdomslag og Bjørnafjorden spelemannslag for å få rekruttert nye/potensielle instruktørar. Målet er at barne- og ungdomsarbeidarar skal få auka kompetanse på folkedans, og i større grad kunne ta i bruk dansen i sitt arbeid med born og unge. Til saman 15 elevar og ein lærar deltok i dette prosjektet.

I samband med denne satsinga har det også vorte sett i gang eit prosjekt med folkemusikk og folkedans i SFO-tida på ein av dei største skulane i Bjørnafjorden kommune, Borgafjellet skule. Rundt 30 ulike elevar har vore innoft. Prosjektet har også resultert i dialog om eit samarbeid med kulturskulen. Ynskjet er å få til eit tilbod på hardingfele, dans og song i SFO-tida, lik dei tidlegare modellane frå Granvin og Osterøy.

#### **Springartradisjon i Sørfjorden og Folkedanssalong på Nå**

I samarbeid med Norsk senter for folkemusikk og folkedans arbeidar hardingfela.no med eit revitaliseringsprosjekt knytt til springartradisjon i Sørfjorden. Fyrsteamanuensis Siri Mæland og Magne Velure er sentrale samarbeidspartnarar i dette prosjektet, saman med fleire av Norsk senter for folkemusikk og folkedans (SFF) sine faste tilsette.

Magni Rosvold var våren 2023 på samling med ved SFF i Trondheim. Ein del av det som arbeidet ved SFF resulterte i har gjennom året blitt formidla i ulike samanhengar: «Folkedanssalong» i Bygdahallen på Nå, arkivarrangement i regi av folkemusikkarkiva i Vestland, og ein større presentasjon under Norsk senter for folkemusikk og folkedans sitt 50-års jubileumsseminar i september.

Det blir no arbeidd med å gjere ferdig ein artikkel til publisering i eit fagleg tidsskrift. Denne artikkelen byggjer på analyse av materiale (film og lyd/ intervju), og nye intervju med ressurspersonar som har vore/er viktige bidragsytarar til at springaren har vore brukt og vidareført. I tillegg er det eit ynskje om at arbeidet skal kunne ut i ei meir populærvitskapleg formidlingsform. Tanken er ei digital danseskildring i tekst, lyd, video og bilete.

#### **Samarbeid med andre og div. møte/ representasjonar 2023**

- Deltaking på møte og rådgjeving i samband med danseprosjekt i Ullensvang gjennom lokal DKS
- Deltaking på seminaret *Dans på musea*, Røros



- Presentasjon av arbeidet med springartradisjon i Sørfjorden på arkivseminar i regi av folkemusikkarkivet i Vestland
- Jamlege møte med dagleg leiar og styremedlem i Sogn og Fjordane folkemusikklag
- Deltaking på nasjonalt samrådsmøte for folkedansen (eit møte kvart semester).

## ULIKE SAMARBEIDSFORA

Griegakademiet - Institutt for musikk er den institusjonen OBA har det mest omfattande samarbeidet med. Studietilboda på bachelor- og masternivå er ein viktig del av dette. I tillegg omfattar samarbeidet ei rekkje tiltak og samarbeidsformer:

- økonomisk samarbeid som gjeld fordeling av resultatbudsjett for avlagde eksamenar
- det generelle tilskotet til OBA frå UFD blir utbetalt av UiB
- kompetansevurdering av tilsette skjer gjennom UiB
- UiB er representert i styret for OBA og programråd for Osafestivalen
- felles undervisningsopplegg og seminar
- Arne Bjørndals samling ved Griegakademiet - Institutt for musikk fungerer som viktig tradisjonsarkiv og samarbeidspartnar for Ole Bull Akademiet.

Samarbeidet mellom dei nordiske og baltiske høgskulane som har utøvande folkemusikk på studieplanen, held fram. Den nordiske folkemusikkonferansen til Nordtrad - The Higher Education Network of Traditional Music – vart i 2023 arrangert av Musikkhøgskolan Ingesund i Sverige.

Sidan 2009 har Griegakademiet og OBA vore med i mastergradsamarbeid med tre av Nordtrad-institusjonane. Hausten 2022 ga Griegakademiet beskjed til dei nordiske samarbeidsinstitusjonane om at GA må revidere den norske delen av dette masterstudiet, og at ein difor ikkje kan ta opp studentar på den norske kvoten i 2023.

Ole Bull Akademiet er med i Musikknett Vest, eit nettverk for musikk institusjonar på Vestlandet som arbeider med utøvande og pedagogisk utdanning, forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Voss Spelemannslag er fast musikalsk bidragsytar på kursa, og leiger i tillegg øvingslokale av Kringsjø AS.

Akademiet samarbeider med Liv Bernhoft Osa og Per Gørvell, eigarane av kunstnarheimen Sævelid, om bruk av konsertsalen i samband med kurs og som konsertarena under Osafestivalen. Vi har også samarbeid med Voss Folkemuseum om omvisning for studentane våre på museet. Med Voss Bibliotek samarbeider vi om ein serie lunsjkonserter med studentane våre i biblioteket.

## GJESTEFØRELESINGAR, KONSERTAR, STUDIETURAR, REPRESENTASJON I 2021

### Jo Asgeir Lie

- har vore OBA sin representant i styret for Hardingfela.no
- er styremedlem i Dextra Musica
- er styremedlem i Stiftelsen Lillehammer Museum
- er styremedlem i Kulturrøm
- sit som representant for Dextra Musica i styringsgruppa for klassisk satsing, Talent Norge
- har, saman med Håkon Asheim, vore ein av hovudlærarane i valemnet Folkemusikkutøving ved Griegakademiet
- saman med Håkon Asheim, delteke i fleire møte i forskingsgruppa GAFFI med fagleg tilsette ved Griegakademiet og OBA
- har halde førelesingar om samspel og arrangement i norsk folkemusikk for bachelorstudentane ved Ole Bull Akademiet
- hadde fleire masterclasses i samspel med studentane på Nordic Master vinteren 2023
- var hovudinstrumentlærer for ein student på Nordic Master vinteren 2023
- har vore hovudinstrumentlærer for to bachelorstudentar i 2023
- har vore sensor for utøvande eksamen ved HVL
- sat i juryen for FolkOrg sin jubileumsslått
- var dommar på Landsfestivalen i gammaldansmusikk, Førde



- sit i valnemndene for Norsk Senter for Folkemusikk og Folkedans og for Vossa Jazz
- representasjonsoppgåver for OBA:
  - o Vitjing av kulturminister Lubna Jaffrey
  - o Gravferd til prof. em. Sven Nyhus
  - o Doktorgradsdisputas for Laura Ellestad, NMH
  - o 50-årsjubileet til Norges musikkhøgskole
  - o FolkOrg 100-årsjubileum
- har hatt eit aktivt kunstnarisk år, med 85 konsertar og konsertforedrag
  - o Har saman med Kvarts spela ei rekkje konsertar, mellom anna vestandsturné for Vestafolk (Førde Int. Folkemusikkfestival) og jubileumskonsert for vokalensemblen PUST
  - o Har spela solokonsertar på to festivalar; Trad. i Malung og Osafestivalen
  - o Konsertar med Signe Lygre Førre kvartett, Neon Vokal, Arne Anderdal, Eldbjørg og Ragnhild Hemsing, Marja Mortensson, Gjermund og Einar Olav Larsen m.fl.
  - o har spela fem *folkemusikk gudstenester* i Ål kyrkje
  - o heldt, saman med Malin Alander eit kunstnarisk innslag under innsetjing av ny biskop i Bjørgvin
- produksjonen *50-7-52 Runddansslåttar frå Hallingdal*, som vart gjeven ut saman med Arne Anderdal i 2022 vart nominert til Folkelarmpris i kategorien arkiv i 2023
- har vore med på tre plate-/digitale produksjonar i 2023
  - o Cd-produksjonen *Til dans* med Kvarts
  - o Ep-en *evig* med Neon Vokal og Frøydis Grorud
  - o EP-en *Skip frå sør* saman med vokalensemblen PUST og Kvarts

#### Håkon Asheim

- Som OBA sin representant i koordinatørgruppa for studiet Nordic Master in Folk Music (NoFo) deltok han i fleire koordinatormøte, sat i eksamenskomité for studiet i april og desember og opptaksjury i mars, og organiserte studieopphaldet ved OBA veke 7–13. Han starta også arbeidet med å revidere GA/OBA sin studieplan for NoFo.
- Sat som fast medlem i programstyret for dei utøvande bachelor- og masterprogramma ved Griegakademiet, som studietilboda våre høyrer inn under
- saman med Jo Asgeir Lie, deltok i fleire møte i forskingsgruppa GAFFI med fagleg tilsette ved Griegakademiet og OBA
- saman med Jo Asgeir Lie og Silje Solberg, organiserte og underviste i valemnet Folkemusikkutøving på Griegakademiet, som OBA har laga fagplan for. 13 studentar fullførte emnet våren 2023, og 11 nye studentar starta opp om hausten.
- Heldt workshop under Nordtrad-konferansen på Musikhøgskolan Ingesund i april
- under Osafestivalen leia han samtalen med Per Anders Buen Garnås, Ingrid Schei Stuhaug og Sivert Holmen på årets «Osamæle», og spelte på folkemusikkmesse i Vangskyrkja med musikk av Jo Asgeir Lie
- deltok i panelsamtale og konsert under Nordisk Instrumentseminar på Valdres Folkemuseum i november
- saman med Nils Henrik Asheim, presenterte deira felles prosjekt «Crossing Grieg» på konferansen til International Grieg Society i Bergen i november
- fekk publisert artikkel om musikkarven etter Torleiv Bolstad i boka «Replikk i låtten», utgjeven av Valdresmusea
- arbeidde vidare med bok om Sigvald Rørlie for å dokumentere hans måte å bygge hardingfeler på
- hadde fleire oppdrag som ekstern sensor, muskar og dansespelemann

#### Arne Anderdal

- i duo med Jo Asgeir Lie på trekkspel gjeve ut produksjonen *50-7-52 Runddansslåttar frå Hallingdal*. Fysisk utgjeving i januar. Plata vart nominert til Folkelarmprisen
- har vitja alle 5. klassar på Voss gjennom Den kulturelle skulesekken, med folkedans/folkemusikk saman med danseinstruktøren Astri Sudman
- Organiserte og spelte til hallingdanskurs for alle i 7. klassar i Voss Herad
- Er musikalsk leiar og styreleiar i Voss Spelemannslag
- Organiserte 33 minikonsertar i Finnesloftet for amerikanske turistar i juni-september. Spelte på 7 av dei sjølv
- Spela konsertar saman med Jo Asgeir Lie på Folkemusikkveka på Ål, Voss Folkemuseum, sommarkveld i Hol gamle kyrkje og på Hemsedal Bygdetun



- Spela fleire konsertar på kulturtilskipinga Kultur i sentrum i regi av Hemsedal Kommune i juli
- Var domar i hardingfeleklassane A, B og C samt gruppespel junior og senior på Landskappleiken i Lom
- Var domar i alle klassar på kappleiken under Jørn Hilme stemnet
- Hadde «stikk innom-kurs» i folkedans under Osafestivalen
- Fekk utgjeve artikkel om Ola Mosafinn og hans bruk av notar i Gamalt frå Voss, kulturhistorisk årbok
- Mange speleoppdrag gjennom året både som solist og saman med andre musikarar
- Sit i styringsgruppa for Osascena, samarbeid mellom Osafestivalen og Voss Spelemannslag om konsertar året rundt på Voss

## Wiebke Lüders

- Gjorde ferdig ei nybygd hardingfele som vart seld til Austerrike
- Heldt på oppdrag for Dextra Musica foredraget «*History and development of the Norwegian Hardanger fiddle*» på Mestermøte-symposiet på Nasjonalmuseet i Oslo
- Fekk publisert ein artikkel i Strad Magazine oktober 2023: «*Norwegian Wood, History of the Hardanger fiddle*»
- vedlikehald av cembaloen til Orkesteret Fossegrimen
- Har starta bygging av ei ny hardingfele, som blir ferdig i 2024

## Lukas Pawelka

- Har gjort eit forskingsprosjekt rundt ein fiolin av Trond Botnen (teknisk teikning og bygging av ein kopi av den originale fiolinen frå 1700-talet)
- Har hatt eit fellesprosjekt med luttmakar Lars Tørresen i Bergen om bygging av ein hardinglutt. Prosjektet vart avslutta med suksess, og instrumentet har fått stor merksemd. Mellom anna blei den brukt av Tom Willy Rustad på Landskappleiken i Lom, Osafestivalen på Voss (hardingfeleslåttar), og innspeling av desse på ny produksjon (kjem i 2024)
- Har brukt CNC-fres på forskjellige prosjekt (m.a. for å lage gripebrett og strengehaldarar)

## Vegar Vårdal

- Hadde ansvaret for førestillinga «*Løft meg*» i samarbeid med Musikk i Innlandet, der Vegar var komponist, arrangør og musikalsk leiar
- Hadde bestillingsverket «*Bygder i byen*», Bygdelagssamskipnaden 100 år – framsyning på Det Norske Teateret i Oslo
- Var regiassistent, koreograf, utøvar og arrangør under «*Folkelig Kraft*», Folkemusikkarkivet i Agder sitt 20 års jubileum i Kilden i august, i samarbeid med Kristiansand Symfoniorkester.
- Var musikalsk ansvarleg under FolkOrg si jubileumsframsyning i Grieghallen i oktober
- Var solist med Orkester Innlandet på Gudbrandsdalen Musikkfest i september
- Spelte under innsetting av ny biskop i Hamar, med prosjektet «*Vor Suplicas*»
- Ga ut plata «*Vandring*» med Gjevre, Odde & Vårdal
- Ga ut plata «*Slåtter frå Åseral*», med solo hardingfeleslåttar frå Åseral.
- Ga ut to plater i prosjektet «*Folkemusikk for unge strykere*», både «*Aktivitetshäfte 1*» og «*Slåtter frå Agder*». Førstnemnde er òg ute som hefte, medan sistnemnde blir lansert i januar 2024.
- Er med i gruppene
  - o One Small Step (fri-improvisasjon med base i folkemusikken),
  - o Barokk Boreal (tidlegmusikk og folkemusikk i frisk kombinasjon),
  - o Camille Norment Trio (konsert under festspela i Bergen)
  - o Gjevre, Odde & Vårdal.
- Mentor for Ingrid Lingaas Fossum, i regi av Talent Norge og Hilmarfestivalen
- Rettleiar for student på komposisjonsstudiet i Esbjerg i Danmark
- Er ute i *Den Kulturelle Skulesekken* med både gamle og heilt nye produksjonar.
  - o I 2023 vart eit nytt prosjekt som heiter «*Lyd på papir*» produsert lansert, der skuleborn skal lage ein liten animasjonsfilm med lyd til. Fyrste turnéperiode var på Færøyane.
- Har vore retteiar for unge folkemusikarar som ønskjer å bli leiarar i prosjektet «*FolkleiarUng*» i FolkOrg.
- Hadde 6 helge- eller vekeskurs, med fokus på barn og unge.
- Er kurator for Riksscenen sitt program for barn og unge, *LilleRiksen*.
- Er produsent, komponist, utøvar og regissør i *Kultivator*, i tillegg til å drive Kultivatorpodden.
- Har ei lita stilling som folkemusikklærer på Toneheim folkehøgskole, ein god rekrutteringsstad til Ole Bull Akademiet.



- Er medlem i nemnda «Turné- og virksomhetstilskudd for musikere, artister, ensembler og band» i Kulturdirektoratet.

## Tom Willy Rustad

- Konsert med Kvarts i Oppdal 13. januar. Arrangør Oppdal spellmannslag
- Konsertinnslag på syster i høve Gudbrandsdalsseminaret på Maihaugen, Lillehammer 25. januar
- Heldt foredrag om systerprosjektet på arkivkonferansen 13.–15. mars ved Norsk Senter for Folkemusikk og Folkedans
- Var deltakar på den internasjonale gitarkonferansen på Norges Musikkhøgskole 9.–12. mars
- Kvarts på vestlandsturné 24.–30. april
- Vegleiar for Amalie Kinsarvik i høve hennar bacheloreksamen på Musikkhøgskulen i juni
- Arrangerte tre komposisjonar for toradar og strykarar
- Publiserte i juni melodiheftet «Gatelangs med ril og reinlender» i serien Toradarskulen, Norilds Forlag
- Publiserte i juni melodiheftet «Bjørnar Haugens melodiar» i serien Toradarskulen, Norilds Forlag
- Innspeiling 5. juni med Kvarts og vokalgruppa Pust. Dette vart EP'en «Skip fra Sør.» Release i november.
- Vann kongepokal på Landskappleiken 25. juni i klassa for eldre folkemusikkinstrument med syster, og vart nr. 2 i munnharpeklassa og nr. 5 i Open klasse med hardangerlutt
- Var programleiar og spelte på 50-års jubileumsmarkeringa til Toradertrioen, på Rudi gard 26. august
- Hadde ansvaret for og spelte på Folkemusikkgodsteneste i Sør-Fron kyrkje 27. august
- Komponerte musikken til teaterstykket «Rostmøs riddere» som vart framført i august på Øygard middelaldergard i Sel 9-11. september
- Spelte solokonsert og framførte komposisjonen «Harpefeber» for fire munnharper og lydfil av Eivind Buene, under Munnharpefestivalen på Riksscena i Oslo 15.–17. september
- Konsert med Kvarts i Rauland på USN
- Spelte inn CD med Kvarts 21.–22. september. Det vart plata «Til dans» som kom ut 1. desember
- Spelte på jubileumskonserten til Pust 23. september i gamle Soria Moria kino på Torshov
- Spelte konsert i Presthaugen i Lom 30. sept. og på Hjerleid i Dovre 31. sept. i høve Gudbrandsdal musikkfest
- Publiserte to artiklar i høve FolkOrgs jubileumsbok, «Folkemusikkstudia i Noreg» og «Slåttespel på durspel». Boka vart lansert i Bergen under jubileumskonserten i Grieghallen i oktober
- Spelte inn CD med hardangerlutt 22. okt. Den blir lansert 26. jan. 2024 og heiter «The Norwegian Hardangerlutt».
- Spelte «Meistertime» med Kristoffer Kleiveland og Ingrid S. Sørheim, samt solokonsert på hardangerlutt under Osafestivalen

## Rannveig Djøgne:

- Sit i styret i Vestland Musikkråd
- Sit i styret i Voss kulturråd
- Sit i styret i Osafestivalen

### Har spela på:

- Folkemusikkmesse frå Hardanger (som Rannveig har komponert) i m.a. Kinsarvik, Ulvik, Eidfjord og på Lofthus
- Opning av kunststilling på Galleri Bergslien i Eidfjord
- Oppdrag under Hardanger internasjonale siderfestival
- Oppdrag under Litteratursymposiet i Odda
- Utgjeving av plata «Skyer av Perlemor» saman med Annlaug Børsheim.

### Undervisning:

- Fast lærar for toradarelevar i Granvin
- Toradarinstruktør på SAFFA-kurset 2023 (SAFFA: Samarbeidsorganet for folkedans og folkemusikk i Akershus) og Hardingfolk-kurs i regi av Hardanger Spelemannslag

## Magni Rosvold:

- Har hatt ei rekkje oppdrag som dansar og danseinstruktør
- Har vore foredragshaldar om dans og folkemusikk



- har hatt ei rekkje speleoppdrag og konsertar for, og i lag med, ulike aktørar og organisasjonar (m.a. spelemannslag, ungdomslag, bygdekvinnelag og senioruniversitet)

## HEIMESIDE

På heimesida [www.olebull.no](http://www.olebull.no) finst informasjon og timeplanar for kurs og anna studieinformasjon. I tillegg inneheld sida informasjon om Ole Bull Akademiet og Kringsjø AS. Felemakarverkstaden har i tillegg eiga heimeside [www.felemakeriet.no](http://www.felemakeriet.no).

## ARBEIDSMILJØ, SJUKEFRÅVER

Styret reknar arbeidsmiljøet i stiftinga som tilfredstillande. Det har ikkje vore sett i verk spesielle tiltak i driftsåret. Sjukefråværet har i 2023 vore prega av ein del korttidsfråver knytt til korona og, etter kvart av influensa. Ein har ikkje registrert skadar eller ulykker hjå dei tilsette i driftsåret.

## LIKESTILLING

Det er i meldingsåret 6 kvinner og 8 menn tilsett ved Ole Bull Akademiet.

## ANDRE TILHØVE

Styret har ikkje kjennskap til at stiftelsen er involvert i verksemd som medfører forureining av det ytre miljøet.

Voss, den 20. februar 2024

I styret for Stiftelsen Ole Bull Akademiet

Terje Støve  
styreleiar

Irlil Schau Johansen  
nestleiar

Frode Thorsen  
styremedlem

Magne Espeland  
styremedlem

Tonje Såkvitne  
styremedlem

Håkon Asheim  
styremedlem

**SIGNATURES****ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 16 pages before this page  
Dokumentet inneholder 16 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 16 sivua ennen tätä sivua  
Dette dokument inneholder 16 sider før denne side

Detta dokument innehåller 16 sidor före denna sida

**Jo Asgeir Lie**

7d72fe1c-e7ec-416c-be7f-fef33181ae14 - 2024-03-01 09:23:30 UTC +02:00  
BankID - d7bf037d-8bec-4aed-9c56-5cf02e21cdd8 - NO

**Frode Skadberg Thorsen**

581003e7-de7c-4fc0-a0f0-b55a1a26628d - 2024-03-01 09:25:29 UTC +02:00  
BankID - 1f9aaee5-4338-4a1d-8d62-074056941dd1 - NO

**Håkon Fredrik Asheim**

4e1671e9-9eee-470e-ad86-4dc295b77d67 - 2024-03-01 10:06:14 UTC +02:00  
BankID - 9cb0da2e-8862-48a0-a81c-8b392e3f8688 - NO

**Magne Ingolv Espeland**

177e8834-6910-4a17-9330-da6c46c763aa - 2024-03-01 10:24:34 UTC +02:00  
BankID - 9aed6327-d642-4aea-ac3e-a9513d384498 - NO

**Terje Støve**

570c0869-e1d4-49ed-b531-79fd4e8257a2 - 2024-03-01 10:25:44 UTC +02:00  
BankID - ab043d1d-4776-45e8-b3a4-f57bcaafb2ea - NO

**Tonje Såkvitne**

16ab9cb2-cc80-4cb2-9566-7cd581482046 - 2024-03-01 10:28:25 UTC +02:00  
BankID - 328a979a-aeb1-4463-823a-a9eb008e7a7a - NO

**Iiril Kirstine Schau Johansen**

dbe56221-40ca-4aae-927d-18f6705da9e5 - 2024-03-01 11:23:20 UTC +02:00  
BankID - ab503d4b-6c1a-4aba-aa80-ae664ce6c106 - NO

authority to sign  
representative  
custodial

asemavaltuus  
nimenkirjoitusoikeus  
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt  
firmapteckningsrätt  
förvaltare

autoritet til å signere  
representant  
foresatte/verge

myndighed til at underskrive  
repræsentant  
frihedsberøvende

Electronically signed / Sähköisesti allekirjoitettu / Elektroniskt signerats / Elektronisk signert / Elektronisk underskrevet  
<https://sign.visma.net/nb/document-check/0e48d020-1066-4dda-8eeb-53c738620e00>

visma sign  
[www.vismasign.com](http://www.vismasign.com)



# Årsrekneskap 2023

## Stiftelsen Ole Bull Akademiet

Resultatrekneskap  
Balanse  
Notar til rekneskapen

Org.nr.: 964 009 805



<b>Resultatrekneskap</b>			
Stiftelsen Ole Bull Akademiet			
<b>Driftsinntekter</b>	<b>Note</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Inntekt av kursopphald		485 496	495 100
Tilskot frå Voss Kommune		125 000	125 000
Tilskot frå fylke		325 000	460 000
Tilskot frå UFD		2 922 000	2 878 000
Tilskot frå Kulturdirektoratet		6 745 000	6 415 000
Diverse inntekter, tilskot, gåver		1 498 239	1 130 904
Sum driftsinntekter		<b>12 100 735</b>	<b>11 504 004</b>
Honorar innleigde tjenester	1	1 392 995	1 351 111
Lønn, feriepengar	1	4 303 047	5 038 025
Arbeidsgjevaravgift, pensjonskostnader, andre ytingar	1	1 542 627	1 340 764
Avskrivningar	2	53 249	53 000
Nedskrivning av anleggsmidler	3	135 000	0
Husleiga	4	2 090 800	2 105 114
Læremidler, utstyr		49 406	86 650
Honorar rekneskap, revisjon		174 499	162 973
Kontorrekvisita, telefon, porto		121 822	94 282
Litteratur, musikk, instrument		11 789	28 742
Reise og møtekostnader		1 223 391	1 312 969
Bil- og diettgodtgjersle		30 164	55 809
Annan driftskostnad		139 037	122 476
Utdelingar	5, 6	1 152 974	0
Sum driftskostnader		<b>12 420 801</b>	<b>11 751 914</b>
Driftsresultat		<b>-320 066</b>	<b>-247 910</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Renteinntekter		24 386	10 211
Annen finansinntekt		9 611	9 292
Rentekostnader		194	669
Sum finansinntekter		<b>33 803</b>	<b>18 834</b>
<b>Årsresultat</b>	7	<b>-286 262</b>	<b>-229 076</b>
<b>Overføring</b>			
Overført frå annan eigenkapital		-286 262	-229 076
Sum overføringar		<b>-286 262</b>	<b>-229 076</b>

Stiftelsen Ole Bull Akademiet

Side 2



<b>Balanse</b>			
Stiftelsen Ole Bull Akademiet			
<b>Eigedelar</b>	<b>Note</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
<b>Anleggsmiddel</b>			
Bilete-, bok- og notesamling	3	7 140	142 140
Instrument	2	24 001	20 000
Driftslausøyre, inventar og anna utstyr	2	57 000	93 000
Sum anleggsmidlar	2	<u>88 141</u>	<u>255 140</u>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i dotterselskap	4	6 000 000	6 000 000
Innskotsfond/premiefond		813	1 491
Sum finansielle anleggsmiddel		<u>6 000 813</u>	<u>6 001 491</u>
Sum anleggsmidlar		<u>6 088 954</u>	<u>6 256 631</u>
<b>Omløpsmiddel</b>			
Kundekrav	9	108 761	1 059 649
Andre kortsiktige krav	4	588 769	279 243
Bankinnskott	6, 10	1 614 010	1 263 666
Sum omløpsmiddel		<u>2 311 540</u>	<u>2 602 557</u>
<b>Sum eigedelar</b>		<u>8 400 493</u>	<u>8 859 189</u>

Stiftelsen Ole Bull Akademiet

Side 3



<b>Balanse</b>			
Stiftelsen Ole Bull Akademiet			
<b>Eigenkapital og gjeld</b>	<b>Note</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
<b>Innskoten egenkapital</b>			
Grunnkapital		501 427	501 427
Sum innskoten egenkapital		<u>501 427</u>	<u>501 427</u>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Annan egenkapital		5 901 237	6 187 500
Sum opptjent egenkapital		<u>5 901 237</u>	<u>6 187 500</u>
Sum egenkapital	7	<u>6 402 664</u>	<u>6 688 927</u>
<b>Gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	4	388 856	624 982
Skuldig skattetrekk		264 095	262 077
Skuldig arbeidsgjevaravgift		275 157	246 634
Skuldig feriepengar og lønn		667 061	637 846
Anna kortsiktig gjeld	8	402 660	398 723
Sum kortsiktig gjeld		<u>1 997 829</u>	<u>2 170 262</u>
Sum gjeld		<u>1 997 829</u>	<u>2 170 262</u>
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>		<u>8 400 493</u>	<u>8 859 189</u>
Voss, 01.03.2024 Styret i Stiftelsen Ole Bull Akademiet			
_____ Terje Støve styreleiar	_____ Iiril Schau Johansen nestleiar	_____ Frode Thorsen styremedlem	
_____ Magne Espeland styremedlem	_____ Håkon Asheim styremedlem	_____ Jo Asgeir Lie dagleg leiar	
	_____ Tonje Såkvitne styremedlem		
Stiftelsen Ole Bull Akademiet		Side 4	



## Stiftelsen Ole Bull Akademiet

### NOTER TIL ÅRSREKNESKAP FOR 2023

#### Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskapen er alle postar verdsett og periodiserte i samsvar med bestemmingane i rekneskapsloven og reglane som fylgjer av god rekneskapskikk.

#### **Klassifisering**

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk , og fordringar med forfall meir enn eitt år etter balansedagen er medteke som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Gjeld som forfell seinare enn eitt år etter rekneskapsperioden er ført opp som langsiktig gjeld. Alle fordringar og all gjeld tilknytt varekretsløpet er klassifisert som kortsiktige postar uavhengig av forfallstid.

Omløpsmidlar blir vurdert til lågaste av anskaffingskost og verkleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidler blir vurdert til anskaffingskost. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive etter forventa økonomisk levetid. Anleggsmidlane blir nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forventa å vera forbigåande. Langsiktig gjeld med unntak av andre avsetningar blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

#### **Varige driftsmidlar**

Varige driftsmidlar er vurdert til historisk kostpris etter frådrag for bedriftsøkonomiske avskrivningar som er berekna på grunnlag av kostpris og antatt økonomisk levetid.

#### **Fordringar**

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for vurdert avsetjing til forventa tap.

#### **Aksjar**

Aksjar er ført opp i rekneskapen til kostpris. I tilfelle verkeleg verdi er lågare enn kostpris - og dette ikkje er av forbigåande karakter , er det føreteke nedskrivning.

#### **Skatt**

Selskapet er skattefri institusjon etter skatteloven.

#### **Driftsinntekter og driftskostnader**

Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet som normalt vil vera leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader vert teke med etter samanstillingsprinsippet , dvs. i same periode som tilhøyrande inntekter blir tatt til inntekt.

Stiftelsen Ole Bull Akademiet



## Stiftelsen Ole Bull Akademiet

### NOTER TIL ÅRSREKNESKAP FOR 2023

#### Note 1 Lønskostnader

Lønskostnader	2023	2022
Honorar innleigde tenester	1 392 995	1 351 111
Lønn, feriepengar	4 303 047	5 038 025
Arbeidsgjevaravgift	975 609	870 943
Pensjonskostnader	488 773	392 246
Andre ytingar	78 245	77 575
<b>Sum lønskostnader og ytingar</b>	<b>7 238 669</b>	<b>7 729 900</b>

#### Årsverk

Stiftelsen har i 2023 sysselsett 10 årsverk.

Stiftelsen har tilsette som i denne samanheng som har utført arbeid for samarbeidspartar.

Lønnskostnader som er påløpt i denne samanheng er fordelt eller viderefakturert, slik at desse lønskostnadane ikkje er med i sum lønskostnader og ytingar i tabellen ovanfor. Nokre av desse lønskostnadane er også gitt som en ytelse til samarbeidspartane. Sjå note 5. utdelinger.

#### Note 2 Anleggsmiddel

	Driftslauseyre, inventar ol	Instrument	EDB, kontorutstyr
Innkjøpskostnad pr. 01.01.23	686 467	393 118	238 662
+ Tilgang kjøpte driftsmiddel		21 250	
<b>= Innkjøpskostnad 31.12.23</b>	<b>686 467</b>	<b>414 368</b>	<b>238 662</b>
Akkumulerte avskrivningar 31.12.23	635 467	390 367	232 662
<b>= Bokført verdi 31.12.23</b>	<b>51 000</b>	<b>24 001</b>	<b>6 000</b>
Ordinære avskrivningar dette året	26 000	17 249	10 000
Økonomisk levetid	4-10 år	8-10 år	4 år
			<b>Sum</b>
Innkjøpskostnad pr. 01.01.23		0	1 318 246
+ Tilgang kjøpte driftsmiddel			21 250
<b>= Innkjøpskostnad 31.12.23</b>		<b>0</b>	<b>1 339 496</b>
Akkumulerte avskrivningar 31.12.23			1 258 495
<b>= Bokført verdi 31.12.23</b>		<b>0</b>	<b>81 001</b>
Ordinære avskrivningar dette året			53 249
Økonomisk levetid			

Stiftelsen Ole Bull Akademiet



## Stiftelsen Ole Bull Akademiet

### NOTER TIL ÅRSREKNESKAP FOR 2023

#### Note 3 Nedskrivning anleggsmidler

Bilete, bok og notesamling er nedskrive med kr. 135 000 i årsrekneskapen for 2023.

#### Note 4 Mellomvære med dotterselskap

Stiftelsen Ole Bull Akademiet eig 100% av aksjekapitalen i Kringsjø AS og Osafestivalen AS.

<b>Fordringar pr. 31.12.</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Kringsjø AS	526 646	207 100
Osafestivalen AS	0	0
<b>Sum fordringer</b>	<b>526 646</b>	<b>0</b>

<b>Gjeld pr. 31.12.</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Kringsjø AS	0	- 300 000
Osafestivalen AS	0	0
<b>Sum gjeld</b>	<b>0</b>	<b>-300 000</b>

Skyldig kr. 300 000 til Kringsjø AS pr. 31.12.2022 var bokført som leverandørgjeld.

Sjø note 5, "Utdeling" for informasjon om økonomisk yting til Osafestivalen AS, og Kringsjø AS.

Det vert med henvisning til reglane for små føretak ikkje utarbeida konsernrekneskap.

Stiftelsen Ole Bull Akademiet



## Stiftelsen Ole Bull Akademiet

### NOTER TIL ÅRSREKNESKAP FOR 2023

#### Note 5 Utdelinger

##### Økonomisk utdelinger / ytingar til samarbeidspartar

Utdelinger for perioden 1.1.2023 - 31.12.2023	Beløp i kr.
Ytelse til Kringsjå AS, felemakerverkstad	133 368
Ytelse til Kringsjå AS, dagleg leiar	155 772
Ytelse til adm. Osafestivalen AS	613 834
Ytelse til Hardingfela.no	250 000
Sum	1 152 974

Stiftelsen Ole Bull Akademiet har dekkja lønnsutgifter for tilsette i Kringsjå AS, Osafestivalen AS og Hardingfela.no. Dette er gjort ved at tilsette i Stiftelsen Ole Bull Akademiet har utført arbeid for dei nemnte samarbeidspartane, som det ikkje er krevd fullstendig moytelse for, eller at det ikkje er krevd motytelse for.

Stiftelsen Ole Bull Akademiet eig 100% av aksjekapitalen i Kringsjå AS.

Stiftelsen Ole Bull Akademiet eig 100% av aksjekapitalen i Osafestivalen AS.

Hardingfela.no er eit samarbeidsprosjekt mellom Stiftelsen Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss Museum.

Hardingfela.no har ei rekkje undervisnings og formidlingsprosjekt som to tilsette i Stiftelsen Ole Bull Akademiet driv. Mellom anna Ungosa som er ein del av Osafestivalen AS. Det er estimert at timeressursen til dei to tilsette tilsvarer ein 20% undervisningsmengd under Ungosa.

For meir informasjon, sjå også note 1 "Lønnskostnader," og note 10, "Samanlikningstill."

#### Årrekneskapan for 2022

Stiftelsen Ole Bull Akademiet har som ytelsar dekkja lønnsutgifter for tilsette hjå Osafestivalen AS, Kringsjå AS, og til Hardingfela.no også i rekneskapsåret 2022.

Det er i årsrekneskapan for 2022 opplyst om ytelse til Osafestivalen AS med kr. 560 515. Det er ikkje gitt opplysninger om andre ytingar i årsrekneskapan for 2022.

Stiftelsen Ole Bull Akademiet



## Stiftelsen Ole Bull Akademiet

### NOTER TIL ÅRSREKNESKAP FOR 2023

#### Note 6 Samanlikningstall

I årsregneskapen for 2023 er utdelinger skilt ut på eige rekneskapslinje i resultatregneskapen, for perioden 1.1.2023 - 31.12.2023 er beløpet som går fram av rekneskapslinja utdelinger kr. 1 152 974.

For året 2022, står det beløpet kr. 0, sjølv om det i 2022 var gitt ytingar. Årsaken er at samarbeidstalla ikkje er omarbeida då små foretak er unntatt plikten til å endre samarbeidstalla iht. til rekneskapslov § 6-6.

#### Økonomisk yting til Osafestivalen AS for administrasjon

Økonomisk yting til Osafestivalen AS ifrå Stiftelsen Ole Bull Akademiet for perioden 1.1.2023 - 31.12.2023 er i årsregneskapen for 2023 presentert på eige linja i resultatregneskapen, "Utdelinger" saman med utdelinger til andre.

I årsregneskapen for 2022 var økonomisk yting til Osafestivalen AS, inkludert i lønnskostnader (rekneskapslinja "Lønn, feriepengar") og det var gitt opplysning i note 1, til lønnskostnader om at den økonomiske ytinga til Osafestivalen AS inngjekk i sum lønnskostnader og ytingar jf. tabell i note 1 til årsregneskapen for 2022.

Økonomisk yting til Osafestivalen AS til dekning av lønnskostnader for administrasjon er i regneskapen for regneskapsåret 2023 bokført med kr. 613 834. Tilsvarende yting bokført i regneskapen for regneskapsåret 2022 var kr. 560 515.

Sjå også note 5 "Utdeling"

#### Note 7 Eigenkapital

	Innskoten kapital	Annan egenkapital	Sum egenkapital
Eigenkapital Per 01.01.2023	501 427	6 187 500	6 688 927
Årets resultat		-286 262	-286 262
<b>Per 31.12.2023</b>	<b>501 427</b>	<b>5 901 237</b>	<b>6 402 664</b>

#### Note 8 Tilskot til "Forprosjekt til ny visningsverkstad for hardingfelemakeri."

Det vart i 2021 løyvd kr. 600 000 til Stiftelsen Ole Bull Akademiet ifrå Kulturdepartementet. Tilskotet var eit eingongstilskot til "Forprosjekt ny visningsverkstad for hardingfelemakeri." Utgifter påløpt på prosjektet i Stiftelsen Ole Bull Akademiet utgjer pr. 31.12.2023 kr. 236 316,50.

Utgiftene/kostpris kr. 236 316,50 er bokført/balanseført under grupperinga anleggsmidlar. Nytt tilskot er bokført slik: Kr. 236 316,50 til fråtrekk i utgifter / kostpris (nettoføring). Restbeløp som ikkje er nytta, er bokført under anna kortsiktig gjeld, sum kr. 363 683,50.

Stiftelsen Ole Bull Akademiet



## Stiftelsen Ole Bull Akademiet

### NOTER TIL ÅRSREKNESKAP FOR 2023

#### Note 9 Kundekrav

	2023	2022
Kundefordringar	108 761	1 059 649
Opptent ikkje fakturert inntekt	0	0
<b>Sum</b>	<b>108 761</b>	<b>1 059 649</b>

#### Note 10 Bankinnskot

Midlar på skattetrekksskonto (bundne midlar) utgjer kr. 264 095 pr. 31.12.2023.

Samla bankinnskot pr.31.12.2023 som er Stiftelsen Ole Bull Akademiet sine egne midlar ugjer kr. 1 614 010

Styret i Stiftelsen Ole Bull Akademiet forvaltar i tillegg desse fonda:

Fond	31.12.2023	31.12.2022
Sigbjørn Bernhoft Osa sitt fond	128 158	124 904
Gudrun og Sigurd Haaheims fond	39 292	38 463
Liv og Knut Klemmetsens fond	12 745	12 475
<b>Sum</b>	<b>180 195</b>	<b>175 842</b>

Stiftelsen Ole Bull Akademiet

**SIGNATURES****ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 10 pages before this page  
Dokumentet inneholder 10 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 10 sivua ennen tätä sivua  
Dette dokument inneholder 10 sider før denne side

Detta dokument innehåller 10 sidor före denna sida

**Frode Skadberg Thorsen**

2f5538f1-1c51-435d-895e-6cbdd6595a5b - 2024-03-01 09:24:04 UTC +02:00  
BankID - e13404ef-8340-46f7-8188-86e2a16762d3 - NO

**Jo Asgeir Lie**

369c6659-0ec2-497e-9c4e-53a042b1e80f - 2024-03-01 09:23:30 UTC +02:00  
BankID - d7bf037d-8bec-4aed-9c56-5cf02e21cdd8 - NO

**Håkon Fredrik Asheim**

0db2669e-4ad9-4996-8964-2534978c85bb - 2024-03-01 10:04:42 UTC +02:00  
BankID - 072ac5f7-35ad-4bf5-83d8-25f4a8eff0a0 - NO

**Magne Ingolv Espeland**

81d266df-3795-45cc-826b-5c871acb3f20 - 2024-03-01 10:23:15 UTC +02:00  
BankID - e48648c6-c9ca-49ac-9dc5-bfd3bbbba30f - NO

**Terje Støve**

456cfee8-4cc7-4b48-8c98-11ca76881439 - 2024-03-01 10:27:27 UTC +02:00  
BankID - f75d7f64-f808-4798-9212-55d30ce01501 - NO

**Tonje Såkvitne**

1e93a358-1bf3-49f1-90ee-4aee465ce765 - 2024-03-01 10:28:25 UTC +02:00  
BankID - 328a979a-aeb1-4463-823a-a9eb008e7a7a - NO

**Iril Kirstine Schau Johansen**

46ddd856-dbca-48f3-8b8a-6c7bb4341781 - 2024-03-01 11:24:22 UTC +02:00  
BankID - 50c55d58-219e-4ad7-8f30-9c83d645b091 - NO

authority to sign  
representative  
custodial

asemavaltuus  
nimenkirjoitusoikeus  
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt  
firmateckningsrätt  
förvaltare

autoritet til å signere  
representant  
foresatte/verge

myndighed til at underskrive  
repræsentant  
frihedsberøvende

Electronically signed / Sähköisesti allekirjoitettu / Elektroniskt signerats / Elektronisk signert / Elektronisk underskrevet  
<https://sign.visma.net/nb/document-check/33e05375-7c6d-46b5-a742-839cd253d4a5>

visma sign  
www.vismasign.com